

DET NORSKE SAMLAGET

## KLASSISKE BOKVERK

i norsk umsetjing

Utgjevne av *Studentmållaget*.

1. *Platon*: Sokrates' forsvars-tale ved Eiliv Skard. . . . Kr. 1.00
2. *Catullus*: Dikt i utval. Um-skrivne frå latin ved Erik Eggen og Asgaut Steinnes . . . . " 1.50
3. *Sallust*: Jugurtha. Umsett frå latin av Eiliv Skard . . . . " 2.50
4. *Platon*: Kriton. Umsett frå gresk ved Kristen Rekdal . . . . " 1.00
5. *Tacitus*: Folk og seder i Germania. Umsett frå latin av Halvdan Koht. . . . . " 1.25
6. *Sophokles*: Antigone. Umsett frå gresk ved Matias Skard . . . . " 1.50

### Andre bøker for gymnasiet:

Ovid: Metamorhoses, i utval med merknader for gymnasiet ved *Eiliv Skard*. Pris kr. 1.50.

Eiliv Skard: Skulekommentar til Sallust's Jugurtha. Pris kr. 2.00.

Erik Eggen: Latinsk-norsk ordliste for gymnasiet. Pris ib. kr. 5.00.

Ola Raknes: Fransk-norsk ordliste for gymnasiet. Pris ib. kr. 3.00.

Skular får 20 % prisavslag, når de tingar  
beinveges frå

NORSK MÅLKONTOR  
Rosenborggt. 22, Oslo.

The image shows the front cover of a book titled 'Folk og seder i Germania' by Tacitus. The title is at the top, followed by 'FRÅ LATIN' and 'VED HALVDAN KOHT'. Below the title is a decorative illustration of a classical building with four columns. At the bottom, it says 'DET NORSKE SAMLAGET, OSLO 1923'.

**KLASSISKE BOKVERK**  
INNORSK UMSETJING UTGJEVNE AV  
**STUDENTMÅLLAGET**

**NR. 5.**


**TACITUS:**  
**FOLK OG SEDER**  
**I GERMANIA**

FRÅ LATIN  
VED  
HALVDAN KOHT

DET NORSKE SAMLAGET, OSLO 1923

## INNHALD

	Side
Innleiding . . . . .	5
I. Um germanane ålmēnt.	
Landelæget . . . . .	11
Upphavet til folket . . . . .	12
Næringsliv . . . . .	15
Krigføring . . . . .	16
Trudom . . . . .	20
Ting og rettargang . . . . .	21
Herfylge . . . . .	23
Heimeliv . . . . .	25
Ekteskap og barn . . . . .	27
Skyldskap . . . . .	29
Gjestebod, gilde og leik . . . . .	30
Trælar . . . . .	32
Jordbruket . . . . .	33
Gravfesting . . . . .	34
II. Um dei einskilde folka.	
Tilhøvet til grannefolk . . . . .	35
Vestlege germanar . . . . .	38
Nordlege germanar . . . . .	42
Slevane . . . . .	46
Folk lenger burte . . . . .	55



## INNLEIDING

Den vesle boka som den romerske historieskrivaren Tacitus har sett i hop um germanane, har vorte eit av dei mest namngjetne skriftene frå gamletida. Tacitus sjølv var no den ypparste historieskrivaren romarfolket har fostra, — ein åndfull bokmann, med framifrå evne til å teikna folk og hugdrag levande og sterkt. Og boka hans um germanane er den heilaste skildringa vi har um noko av dei barbarfolka romarane låg i ufred med. For historieskrivinga i nytida har denne boka vorte det viktigaste grunnlaget for kunnskapen um det gamle germanske samfundet, og med byrgskap har germanane i våre dagar tykt dei kjende seg att i det som Tacitus fortalte um dei gamalgermanske folkedygdene, — djervskapen og truskapen, fridomshugen og dei reine sedene.

Georg Brandes har ein gong (i 1ste bandet av «Hovedstrømninger») samanlikna denne boka um germanane med eit hovudverk frå fyrstninga av det 19de hundradåret, «Um Tyskland» av Madame de Staël. Dette franske verket hadde ikkje berre til formål å upplysa um tysk samfund og åndsliv; det skulde endå meir tena til å vekkja fransmennene med eit levande bilet på dei naturdygdene bok-

skrivaren tykte det skorta på i heimlandet hennar. Denne samanlikninga høver for meir enn berre dei to bøkene; ho peikar på eit sams drag i bokavlen i dei to tidfolkane.

I 18de hundradåret lødde ropet: Tilbake til natura! Og det kom ut ei mengd med bøker som skildra livet og sedene hjå ville folk, serleg indianane, til mønster og maning for dei europeiske kulturfolka; det var det uskyldige naturlivet som vart skildra, — ærlege og reine folk i motsetning til pengehækna og sedløysa i «kultursamfundet».

På same måten braut det fram hjå romarane i den fyrste keisartida, i tida kringum Kristi fødsel, ein levande lengt etter naturlege livskår og seder. I dei romerske yverklassone fanst det nok mykje fin daning og høg kultur, men samstundes altfor mykje av sedeleg tuktløyse og av vanvyrdnad for alle moralske lover. Mange var det då som vart leie av heile kulturen og tykte det kunde vera gildare med mindre daning, so sant berre reinleik, tukt og ærleg mannsferd på nytt kom til ære. Vi har eit dikt av Horats frå um-lag år 25 f. Kr. (Od. III 24) som beint fram set imot einannan dei unaturlege tilstanda i Rom og det friske naturlivet hjå skytar og getar, der folk må slita for føda og læra hardt arbeid frå dei er småe, men der pengehækna korkje har fått øydelagt kvinnedygd eller manns-truskap. Skildringar av same slaget finn vi samstundes hjå Vergil (Georg. III). Og historieskrivarane under keisar Augustus skreiv um barbarane i same tonen.

Det er visseleg denne tenkjemåten som hundrad år etterpå var med og eggja Tacitus til å skriva

boka si um germanane. Vi kann gjerne taka ho som eit motstykke til dei satirane der diktaren Juvenal auste hat og eiter ut yver samtidia. Og den bitre tonen i historieverka til Tacitus sjølv, der han fortel um Rom under Tiberius og ettermennene hans, gjev liksom underklangen under lovorda um germanane.

Det er då nok mogleg å tala um «romantikk» i samanheng med den skildringa Tacitus gjev ifrå dei germanske folka, og etter kvart som granskarane har fått tak i dette hugdraget hjå han, har dei vorte mistrugne imot verket hans. Men det har då reint vitskaplege fyresetningar også; det var slett ikkje *berre* moralsk brennhug som dreiv Tacitus til å skildra germanane.

Då det romerske verdsriket var skapt, då voks det fram hjå romarane ein naturleg trøng til å samla kunnskap um heile det veldige riket og um den verda som låg utikring. Vi høyrer um keisar Augustus at han var glad i geografisk lærdom, og han vilde ha heile verda avteikna i ein portboge i Rom. Under keiser Tiberius gjekk romerske flåtar ut på oppdagingsferd i havet nordanum dei germanske stendene. Då Tacitus alt var ein voksen mann, var det at verfar hans, Agricola, den romerske landshovdingen i Britannia, sende ut ein flåte som siglte nord um landet og fekk stadfest at Britannia var ei øy. I greske bokverk lærde romarane geografisk vitskap, og romerske geografar førde lærdomen lenger fram. Den eldste latinske verds-skildringa vi no eig, vart sett upp noko fyre midten av 1ste hd.-året e. Kr. av Pomponius Mela, og det

segjer seg mest sjølv at den eldre Plinius har både landeskildring og folkeskildring med i den digre encyklopedien sin (frå år 77 e. Kr.).

Tacitus har fatt både kunnskap og vitskapleg metode hjå desse fyremennene sine. Det var alt mange som hadde skrive um germanane då han sette i hop boka si um dei. Historiske meldingar hadde ein um dei alt ifrå den kimbriske og teutonske herferda hundrad år f. Kr., serleg hjå den greske bokmannen Poseidonios på Rodos. Og Cæsar hadde fortalt utførleg um dei, um samfundet og levemåten deira, i bøkene sine um landvinninga i Gallia. Den greske geografen Strabon hadde mykje um det germaniske landet i verdsskildringa si frå noko fyre år 20 e. Kr., og like eins Pomponius Mela eit tjug år seinare. Alle ufredane med germanane under Augustus og dei næste keisarane måtte sjølvsagt auka kunnskapen um dei munaleg. Den eldre Plinius var sjølv med i sume av ufredane, so han kunde fortelja um dei etter sjølvsyn. Alt slikt kunde Tacitus gjera seg nytte av, og sjølve boka hans syner at han har lese både Cæsar og Plinius og ymist anna.

Vi kann ikkje segja for visst um han sjølv har set noko til germanane i heimlandet deira. Vi veit at han har vore i embets-teneste under ymse keisarar; men vi har elles lite greie på livet hans. Han må vera fødd noko slikt som um-lag år 54 e. Kr., og han høyrd til god romersk riddar-ætt; med fullt namn heitte han Caius Cornelius Tacitus, — endå fornamnet Caius er noko uvisst. Far eller farbror hans styrde inntektene frå provinsen Gallia

Belgica, grenselandet mot Germania, den tid Plinius levde. I året 78 vart han gift med ei dotter til den romerske stormannen Julius Agricola, han som i år 79 vart sett til styrar i Britannia. Under Vespasian kom han sjølv inn på embetsvegen, med di at han vart kvæstor, kanskje i året 79; under Titus vart han ædil (år 81), og under Domitian prætor (år 88). Etterpå var han i fire år keisarleg proprætor, og det har vore gissa på at han då tente i Gallia Belgica. I året 97, under Nerva, var han konsul, og mange år etter, um-lag år 115, soleis under Trajan, finn vi han som prokonsul i Asia. Sidan tegjer meldingane um han.

Han la seg tidleg etter boklege syslor. Det eldste vi veit han har skrive, er ei bok um talekunsta som han sette upp i fyrstninga på 80-åra. I konsul-året sitt skreiv han ei livsskildring um verfar sin, *Agricola*. Og året etter, i år 98, skreiv han boka um germanane, — det kann ein sjå av kap. 37. Til slutt tok han på med rein historieskriving, og i to store verk fortalte han den romerske historia alt ifrå Augustus døydde (år 14 e. Kr.) fram til Nerva vart keisar (år 96), — det meste av desse historieverka er elles no gått tapt.

Tacitus var mest ukjend i midalderen; det er nett berre boka hans um germanane som stundom blir nemnd og nytta. På 1400-talet fekk dei italianske humanistane tak i sume handskrifter av denne boka, helst ifrå Tyskland, og det er avskriftene deira vi no må halda oss til. Sumtid står det ulikt i desse avskriftene, so det er ikkje alltid trygt koss ein skal lesa.

Boka um germanane har i nytida jamt vore kalla «Germania». Men etter handskriftene må ho ha heitt noko slikt som: «Um upphavet og sedene til germanane». Eg har valt eit namn som eg tykkjer gjev innhaldet best.

Tacitus er mang ein gong vriden og vrang å setja um. Målföringa hans synest oss no ofte tilgjord og kunstig, serleg når han bind i hop ord som etter naturleg tanke ikkje høyrer i hop. Og han kann bli uklår for di han strevar so med å knipa meinings inn i stutte fynd-setningar. Eg har freista gjeva att stilens hans so godt eg kann; men først og fremst har eg sjølvsagt vilja få meinings fram.

Umfram mi eiga umsetjing, som eg gjorde i stand til bruk for fyrelesninga for snart tolv år sidan, har eg til utgåva her kunna nytta handskrivne umsetjingar av *Eiliv Skard* og *Asgaut Steinnes*, og eg har ikkje evdest med å taka frå dei alt som eg fann betre gjort. Merknadene skriv seg alle frå mi eiga hand. Alle yverskriftene har eg sett til.

Germania-kartet er teikna serskilt til denne boka. Bileta er tekne frå marmor-skurd på Mark-Aurel-minnet i Rom (frå um-lag år 180 e. Kr.).

H. K.

## I.

### UM GERMANANE ÅLMENT.

#### Landelæget.

Alt Germania er skilt ifrå gallar, rætar og pannoniar med elvane Rin og Donau, ifrå sarmatar og dakar med innbyrdes redsel og med fjell. Resten går storhavet utanum, og femner ikring breie nes og vidsveimde øyar, — der har vi først nyleg fått kjennskap til ymse folkeætter og kongar som krigen har opna dørene til.

Rin har uppkoma si frå dei utilkjømde bratte høgdene i dei rætiske Alpane, bøyger seg først litegrand imot vest og fell til slutt ut i nordhavet. Donau renn ned av den mjukt og mildt reiste åsen til Abnoba-fjellet og går so framum ymse folkeslag, heilt til han bryt seg ut i Svartehavet gjenom seks osar; den sjuande osen øyser seg ut i myrar.

Germania her nytta um alt germansk land, ikkje berre um dei to provinsane vestanfor Rin som romarane kalla Germania. — Gallar budde i vest, rætar og pannoniar i sør, alle i romerske provinsar; sarmatar og dakar i aust. — Abnoba, nordparten av Schwarzwald.

## Upphavet til folket.

<sup>2</sup> Germanane trur eg er sjølve heimefolket i landet sitt og reint ublanda med innflutning og gjesting av andre folkeætter; for i gamle dagar kom dei ikkje landvegen, dei som hadde hug på å skifta bustad, men kom på skutor, og farkostar ifrå vår verdskant sokjer sjeldan ut på det veldige storhavet burtanfor eller nær-sagt på den andre sida av jorda. Kven vilde no elles — um ein so ikkje reknar med fårane på det ville ukjende havet — fara burt ifrå Asia eller Afrika eller Italia og leita bu i Germania, slikt eit ulendt og verhardt land, so audsleg å dyrka og sjå til, — minder ein hadde det til fedreland?

I gamle kvede, det einaste slaget dei eig av erveminne og årbøker, lovpriser dei Tuisto, ein gud fødd av jorda, og sonen hans, Mannus, upphavet og ættfedrane til folket. Mannus fortel dei hadde tri søner, og etter namna på dei heiter dei som bur næraast storhavet Ingævonar, dei som bur i midten Herminonar, og dei andre Istævonar. Sume segjer

**H e i m e f o l k e t:** um visse undantak sjå kap. 28 og 43. Vi veit elles no at fyre germanane budde det keltar i mykje av Germania, serleg sunnanfor Main og Erzgebirge. — **K v e d e:** Tacitus nemner ein annan gong (Ann. II 88) at germanane endå på hans tid song um folkehelten Arminius. — **T u i s t o** synest vera den rette forma; men namnet er ulikt skrive i handskriftene, og granskaraner har tydd det på ulik vis. — **I n g æ v o n a r**, hjå Plinius Ingvæonar, meiner vel dei som dyrkar guden Inge (Yngve); til dei reknar Plinius kimbrar, teutonar og chaukar, soleis dei nordlege germanane. — **H e r m i n o n a r**: namnet høyrer vel i hop med det germanske ordet irmin (jòrmun); til dei reknar Plinius sve-

for visst — soleis som det so titt blir dikta um fyrndeheimen — at det var fleire gudesøner og fleire folkenamn, slike som marsar, gambriviar, svevar, vandiliar, og at det var dei ekte gamle namna; men nemninga Germania var ung og nygjeven, med di at dei første som gjekk yver Rin og jaga burt gallane, dei som no heiter tungrar, den gongen vart kalla germanar; soleis hadde då det som var namnet på eit einskilt folk, ikkje på heile folkeætta, smått um senn vunne yvertaket, so alle vart kalla germanar, først etter sigerherren av redsel, sidan av seg sjølve etter namnet først var oppfunne.

Det blir fortalt at Hercules òg har vore hjå dei, <sup>3</sup>

bar, hermundurar, chattar og cheruskar, soleis folk i både aust og vest. — **I s t æ v o n a r**, hjå Plinius istvæonar, har vel òg namn etter ein gud; Plinius segjer at dei budde næraast Rin. — **T u n g r a n e** har gjeve namn til den byen som heiter Tongern i belgisk Limburg; landet deira høyrde til den romerske provinsen Nedre-Germania. Det var vanleg lære hjå romarane, først framsett av Cæsar, at dei fleste belgiske folka upphavleg var germanar som hadde trengt gallane undan, og etter Cæsar ser det òg ut til at det var visse belgiske folk som aller først vart kalla med namnet germanar. — **G e r m a n a r**: teksten hjå Tacitus læt seg tolka på noko ulik vis; i staden for den umsetjinga som ovanfor er gjeven, har andre vilja setja um som um meininga var at alle vart først kalla germanar «av sigerherren til å setja støkk». Kva meining Tacitus har tenkt det låg i namnet germanar, kann vi ikkje vita; men med grunn i det han segjer, har sume målgranskalar vilja taka det etter ei keltisk rot um gode «skrikarar», sfr. det som står um herskriket i kap. 3. Elles har ulike granskalar gjeve ei heil mengd med ulike tydingar, og den dag i dag er dei usamde um anten namnet er av germansk, keltisk eller latinsk rot. — **H e r c u l e s**, den greske storkjempa, er nemnd millom dei germanske gudane i kap. 9, sfr. dessutan

og når dei skal gå i herslag, syng dei um han som den fremste av alle kjempor. Dette òg eig dei kvede um, og med å segja dei fram (det kallar dei *barditus*) kveikjer dei hugen, og av sjølve songen spår dei siger i den striden som skal koma. For dei modast eller reddast etter som det har ljoma i fylkingen, og det tykkjест vera samsong ikkje so mykje av røysta som av djervskapen. Serskilt strevar dei etter å få til grov klang og støyvis gny, med di at dei set skjoldane upp åt munnen so tonen skal svella fullare og djupare av etterljomen.

Sume meiner at Ulysses òg på den lange eventyrrike umflakkinga si vart førd av upp i dette storhavet og kom til lands i Germania, og at Askiburgium, som ligg på Rin-stranda og den dag i dag er folkesett, er grunnlagt og har fått namn av han; ja dei segjer jamvel at dei ein gong har funne eit altar på same staden vigsla til Ulysses, og at det

kap. 34. Tacitus (Ann. II 12) fortel òg um ein skog austanfor Weser som var vigsla til Hercules. Mange Hercules-bilete er funne i Germania, og ei nedertysk innskrift inneheld ei vigsling til «den mektige Hercules». Det synest rimeleg at det er guden Tor som er meint med dette namnet. — *Barditus*: ordet har fått mange ulike tydingar, og det er ikkje visst dessmeir at det er eit germansk ord. Ei av tydingane byggjer på skildringa her hjå Tacitus, og sét ordet i hop med ein bard eller skjoldkant. I ymse slagskildringar hjå Tacitus hører vi um at germanane dreiv på og song fyre striden. — *Askiburgium*, no Asberg, eit lite stykke vestanfor Rin, i granneskapen til Düsseldorf. I mange handskrifter blir namnet skrive med greske bokstavar, og i gamletida har dei vel teke det som eit gresk ord (kanskje etter askos, ein sekk, med tanke på vindsekken til guden Aiolos som var so fårleg for Ulysses eller Odyssevs).

endå står minnesmerke og ymse gravhaugar med greske innskrifter i grenselandet millom Germania og Rætia. Dette har eg ikkje hug til korkje å prova eller avsanna; kvar for seg lyt tru eller tvila etter sitt eige skyn.

Eg for meg er samd med dei som held for at folka i Germania ikkje er skjemde av samgifte med noko anna folk, men er ei rein og rot-ekte folkeætt, berre seg sjølv lik. Difor er dei alle like eins å sjå til, endå so mange som dei er: kvasse blå augo, raudleg hår, store kroppar, men berre dugande til ålaup; til arbeid og strev har dei ikkje slik trott, og slett ikkje er dei vande med å tola torste og hete; men verlaget og lendet har herdt dei imot kulde og svolt.

### Næringsliv.

Endå landet er noko ulikt på lag, so er det då jamt-yver anten myrkt av skog eller fælt av myrar, mest våtlendt burtimot Gallia, vindhardast burtimot Noricum og Pannonia, — godt såhævt, men ulagleg for aldetre, rikt på fe som likevel for det meste er usjåleg. Ikkje storféet dessmeir har panneprydnaðen sin; det er mengda dei gled seg ved, og dette er den einaste og kjæraste rikdomen deira.

Sylv og gull har gudane nekta dei, anten det no er i nåde eller i harm. Eg torer likevel ikkje segja for visst at det slett ikkje finst sylv- eller

*Noricum*, romersk provins sunnanfor Donau, millom Rætia og Pannonia, um-lag det landet som no er Tysk-Austrike. — *Sylv-årer*: Tacitus fortel i historieverket sitt (Ann. XI 20) at ein romersk landsstyrar grov etter sylv i Mainlandet i året 47 e. Kr.

gull-årer i Germania; for kven har røkt etter? Allvisst skøyter dei ikkje stort um å bruka eller eiga slikt; ein kann sjå at sylvkjerald som er gjevne i gave til sendemennene og hovdingane deira, blir nytta likso vanvyrdsleg som leirkjerald. Dei som bur nærast grensa veit å verdsetja gull og sylv til handelsbruk, og dei godtek og vèl ut visse slag av pengane våre, medan dei i innlandet driv på med byteshandel etter gamal einfelt vis. Dei likar dei gamle og velkjende pengane, serratar og bigatar, og so tek dei heller sylv enn gull, ikkje av nokon ser-skild elsk, men av di at sylvpengar er lettvintare for dei som kjøper mangslags og billege ting.

### Krigføring.

**6** Ikkje jarn dessmeir har dei nøgda av, soleis som ein kann skyna av våpenslaga. Berre nokre få nyttar sverd eller langspjot; elles ber dei spjot som dei på sitt eige mål kallar *framea*, med ein smal og stutt jarnodd, men so kvast og dugande so dei med same våpnet strider i hoggskifte eller i fråstand

**Serratar og bigatar:** romerske sylvpengar, denarar, frå republikktida og den fyrste keisartida; dei har namnet sitt av di at dei er tannute (*serrati*) eller stempla med eit tveite (*biga*) og ei gudinne. Desse pengane kom i bruk i Rom i 3dje hd.-året f. Kr., og dei hadde ei vekt på  $\frac{1}{7}$  unse (3,9 gram). Men under keisar Nero vart vekta sett ned til  $\frac{1}{8}$  unse (3,4 gram), og samstundes vart sylv-innhaldet minka. Dei gamle pengane var då betre enn dei nye, og dessutan svara dei med den vektskikken dei germanske folka då hadde arbeidd seg fram til. Jordfund stadfester det som Tacitus her segjer; lengst nordvest i Germania, millom Rin og Elbe, har ein funne innpå 500 romerske denarar eldre enn Nero, og det var denne landsluten som hadde mest handel yver grensa. — *Framea:* ty-



Romar og german i strid.

etter som det trengst. Jamvel hestfolket nøgjer seg med skjold og framea; fotfolket kastar dessutan skotvåpen, kvar mann mange, som dei slengjer uhorveleg langt. Dei går nakne, eller lettklædde i ei stutt kappe, og dei brikjer ikkje med bunaden; berre skjoldane pryder dei med utvalde fargar. Nokre få ber brynze, snautt ein eller to jarn- eller lerhjelm.

Hestane sermerkjer seg korkje med venleik eller med snøggleik. Men dei blir no heller ikkje uppdinga på dette ordet er noko uviss; sume har vilja setja det i hop med det angelsaksiska ordet franca, gamalnorsk frakka, kastespjot.

tamde til å snu seg i kringlar etter vår skikk; dei blir styrde rett fram eller berre vikte til høgre, med rekkja so heil so ingen blir etter. I det heile reknar dei beste styrken hjå fotfolket, og difor strider dei samfengt. Millom all ungdomen vål dei ut fotfolk høveleg rappe til hestfolkstrid, og sét dei framfyre fylkingen. Talet på dei er òg fyresett: det er *hundrad* or kvart fylke, og sjølve det namnet nyttar dei seg imillom, so det som frå fyrsten var eit tal har vorte eit heidersnamn.

Fylkingen skipar dei i kilar. Å vika undan, når ein berre går på att, held dei for klokskap heller enn for reddhug. Lika etter dei fallne ber dei burt, endå um stridslukka vippar. Det er nidingsverk å renna frå skjolden sin, og den som soleis har skjemt seg, fær korkje lov til å vera med i gudstenesta eller møta på tinget; mange som slapp levande heim frå krigane, har difor gjort ende på skamma si med eit reip.

7 Kongar tek dei etter ættstorleik, herhovdingar etter manndom. Kongane har ikkje ubunden eller vilkårleg makt, og herhovdingane styrer meir med fyredøme enn med herrevelde; det står age av dei når dei er framdjerve og audsynt strider framfyre fylkingen. Elles må dei korkje refsa eller binda eller so mykje som dengja; det har berre gödane lov til, og då er det ikkje som til straff eller etter

**H u n d r a d:** ein kann samföra dette med eit ordlag hjå Snorre i Edda: «hèr er hundrad», og i Uppland i Sverike synest fylka ha vore skift i hundrad. Mange granskavar har vilja finna att slikt eit hundradskifte hjå ymse germanske folk; men det er ikkje alle som trur på det.

bòd av herhovdingen, men liksom etter pålegg frå den guden som dei trur fylgjer stridsmennene. Dei ber med i slaget bilet og merke som dei har henta ifrå lundane.

Det er ei serleg eggjing til djervskap at det ikkje er ei samanflokking på råm eller slump som fører i hop ridarflokken og kilen, men det går etter huslydar og skyldskap. Og i nærleiken har dei det dyraste dei eig, so dei kann høyra koss kvinnolka 8 ular og barna skrik. Dette er for kvar mann dei heilagaste vitna og dei kjæraste lovtalarane; til mora eller til kona går dei med såra sine. Og kvinne skjelv ikkje for å telja og ransaka såra; dei ber mat og eggjings-ord til dei i striden. Det går segn um at fylkingar som alt gav seg undan og heldt på å brotna, vart drivne i skikk att ved at kvinnene mana so ihuga, nækte brysta sine og viste til den fangeskapen som venta dei. For fangeskap reddast dei aller verst for når det gjeld kvinnene, so det er det sterkeste bandet på viljen til statane når dei blir pålagde å gjeva ættstore ungøyar millom gislane sine. Dei trur jamvel at det bur noko heilagt og framsynt i kvinnene; difor vanvyrder dei ikkje rådene deira og ansar vel på svara deira. Då Vespasian styrde, såg vi at Veleda lenge vart halden mest som ein guddom hjå mange, og i gamle dagar

**B i l e t e f r å l u n d a n e:** det er dyrebilete som er meint (sjå Tacitus, Hist. IV 22), sfr. kap. 45; dei var i dei heilage lundane og var liksom teiknet for kvar sin gud. — **V e l e d a,** ei brukteriskøy, hadde stor makt hjå germanane i det bataviske opprøret kringum år 70 e. Kr.; ho vart fanga og førd til Rom.

æra dei både Aurinia og ymse andre, visseleg ikkje med tilbeding eller som um dei gjorde dei til gudinnor.

### Trudom.

<sup>9</sup> Av gudane dyrkar dei mest Mercurius; dei held det for skyldnaden sin å ofra jamvel menneskeoffer til han på visse dagar. Mars og Hercules blidkar dei med dyreoffer. Ein part av svevane ofrar til Isis òg; grunnen og upphavet til denne framande gudsdyrkingsa har eg lite greie på, so nær som at sjølve trudomsteiknet, som er laga til lik ei liburne, syner at trua er innförd. Elles tenkjer dei so stort um himmelmaktene so dei korkje vil stengja gudane innanfor veggjer eller laga nok a avlikning av dei i menneskeskap; dei helgar lundar og holt, og kallar med gudenamn det löyndomsfulle som dei berre skòdar i vyrdnaden sin.

<sup>10</sup> Teikn og lutkasting gjev dei mykje gaum etter. Spådomsmåten er einfelt: Dei høgg ei grein av eit aldetre, skjer ho upp i teinar og slengjer dei med kvar sitt merke hendt som høver ut yver eit kvitt

Aurinia: sume vil retta namnet til Albruna eller Aliruna, so det blir sett i hop med «run» og anten «alv» eller «øl». — Mercurius vart i midalderen nytta som latinsk namn på Oden; difor heiter onsdag på fransk mercredi. — Mars blir elles rekna for hovudguden hjå ymse germaniske folk, og vi høyrer um at han òg fekk menneskeoffer. Han svarar nærast til Ty, sfr. tysdag og mardi. — Hercules, sjå kap. 3. — Isis, ei egyptisk gudinne. Det ser ut som um Tacitus i sanning har meint at ho vart dyrka millom germanane. — Liburne, ei dalmatisk skute. — A l d e t r e, sfr. kap. 5. Her må ein vel helst tenkja på tre som ber neter, slike som eik og bok.

klæde. Er det i statssaker det blir søkt råd, er det göden, men um det er i privatsaker, so er det husfaren som bed til gudane, og med augo lyft mot himmelen tek han upp tri teinar, ein um gongen; etterpå tyder han dei etter det merket som i fyrevegen er sett på dei. Um dei viser forbod, so har dei inga rådspyrjing meir på den dagen um same saka; gjev dei løyve, krevst det endå stadfesting med teikn. Og det er kjent her òg å spryja etter fuglemål og flyging; serskilt for denne folkeætta er det å taka fyrebod og varsel av hestane òg. På ålmenin kostnad, i dei same holta og lundane, el dei upp kvite hestar som ikkje blir skjemde med noko arbeid for menneske; når dei blir beitt fyre ei heilag vogn, fylgjer göden med i lag med kongen eller fyrstemannen i staten og lyder etter koss dei kneggjar og frøser, og det er ikkje noko teikn dei trur meir på, ikkje berre ålmugen, men storfolket og serleg gödane; for dei reknar seg sjølve for tenarar hjå gudane, hestane for medvitarar. Dei har ein annan måte òg å taka teikn på, når dei vil granska etter utgangen på harde krigar: Dei tek ein fange dei på eikor vis har fått tak i frå den folkeætta dei har ufred med, og so sét dei han til å slåst med ein utvald mann av deira eige folk, kvar med sine heimlege våpen; sigeren for den eine eller den andre tek dei for eit fyrebod.

### Ting og rettargang.

Um mindre saker rådlegg hovdingane, um større <sup>11</sup> saker alle, likevel soleis at hovdingane fyrst dryfter jamvel det som ålmugen har avgjersla yver. Um

ikkje noko uventande brått kjem på, so møtest dei på visse dagar, anten når det er nymåne eller når det er fullmåne; for då trur dei det er best lukke med å taka på med eitkvart. Dei reknar ikkje i dagar som vi, men i netter; etter det sét dei både tid og avtale, — natta tykkjест føra dagen med seg. Det er eit lyte med denne fridomen at dei ikkje kjem i hop samstundes eller som etter fyresegn; men både to og tri dagar går burt i suml medan dei samlast.

Når flokken finn for godt, slær dei seg ned våpen-klædde. Gòdane kallar til lyd, og det er berre dei som har tvangsmakt. So talar kongen eller ein hovding, og dei blir høyrd på, kvar etter som han har alder, ættstorleik, våpenheider og ordhegd til; for dei har meir mynd til å gjeva råd enn makt til å gjeva pålegg. Um meininga deira blir mislika, vrakar dei ho med murring; likar dei ho, slær dei spjota imot einannan, — det er det ærefullaste samtykket å fagna med våpengny.

På tinget er det høve til å reisa klage og krevja dom i livssaker. Det er skil på straffene etter misgjerda; svikrar og yverlauparar hengjer dei upp i tre, reddharar, blautingar og skamløysor søkkjer dei ned i dikemyrar og kastar riskjerve yver. Skilnaden i avrettingane tyder på den tanken at brotsverk bør koma i dagen med straffa, skamverk bør bli burtløynde. For ringare misgjerder òg er straffa ulikt tilmåta; dei skyldige må bøta med eit visst tal av hestar og fe. Noko av bota blir greidd til kongen eller staten, noko til klagaren eller skyldfolka hans.

På dei same tinga blir det like eins valt hov-

dingar som skifter rett i fylka og grändene; kvar ein av dei fær hundrad fylgesmenner av ålmugen som på ein gong gjev råd og vyrdnad.

### Herfylge.

Korkje um stats- eller privatsaker rådlegg dei utan dei er væpna. Men det er ikkje sed at nokon tek våpen fyrr staten har kjent han dugande til det; då pryder anten ein av hovdingane eller faren eller skyldfolket ungguten med skjold og framea på sjølve tinget. Dette svarar hjå dei til toga, det er den fyrste æra for ungdomen. Fyre dette tykkjest dei berre høyra heimen til, etterpå høyrer dei til samfundet.

Framifrå ættstorleik eller fedre-stordåd gjev jamvel ungdomar vyrdnad hjå hovdingar; dei fær koma i flokk med andre som er meir vaksne og longo røynde, og det er inga skam å bli set millom fylgesmenner. I sjølve fylget er det rangskilnad etter avgjersla til han som dei fylgjer, og det er stor kapping både millom fylgesmennene, um kven som skal ha fyrste romet hjå hovdingen, og millom hovdingane, um kven som kann ha dei fleste og djervaste fylgesmennene. Det gjev vyrdnad, og det gjev styrke, alltid å ha kringum seg ein stor flokk utvalde unggutar; det er ære i fred og vern

T o g a: den romerske borgarbunaden. — V y r d n a d hjå h o v d i n g a r: etter målbruksel elles hjå Tacitus skulde det nok vera naturlegast å setja dette ordlaget um med «hovding-vyrdnad», og det er mange som vil ha det sett um soleis; men samanhengen i stykket synest bli best på den andre måten.



Hovding og fylgesmenn rømer frå eit hus i brand.

i krig. Og ikkje berre hjå sitt eige folk, men likso vel hjå grannestatane gjev det namn og frægd, um ein kann glima med eit mannsterkt og våpendjervt fylge; då blir han søkt med sendeferde og heidra med gåvor, og titt kann han døyva ufredar berre med gjetordet sitt.

I herslag er det usømeleg for hovdingen å stå tilbake for nokon i djervskap, og usømeleg for fylget ikkje å vera jamdjervt med hovdingen. Men det er skam og vanære for heile livet å koma heim att or slaget når hovdingen er fallen. Det er fremste skyldnaden å verja og verna han, ja gjeva sine eigne storverk til hans ære. Hovdingane strider for sigeren, fylgesmennene for hovdingen.

Um heimstaten deira dovnar av i lang fred og dådløyse, so søker mange av dei aettstore ungdomane sjølvbedne ut til slike folk som nett har ufred, både for di at folkeætta ikkje likar ro, og for di dei lettare vinn frægd i fårar og berre i valdsferd og krig kann

samla eit stort fylge. For av raustleiken til hovdingen sin krev dei både stridshesten og den bloduge sigers-framea. Festmål med uvand, men rikeleg tilstelling går for løn; tilfang til slik påkosting blir vunne med krig og rov. Det er ikkje so lett å telja dei til å pløgja jorda og bia på grøda som til å eggja fram fienden og henta seg sår. Dauvskap og dovenskap tykkjer dei jamvel det er å kjøpa med sveite det som ein kann vinna med blod.

### **Heimliv.**

So titt dei ikkje er i herferd, driv dei tida litegrand med veiding, men meir i reine yrkeløysa, berre med å sova og eta. Nett dei sterkaste og våpenføraste gjer ingen ting, men legg umsuta for hus og heim og mark på kvinnfolka og gamlingane og alle dei veikaste i huslyden, medan dei sjølve ligg på latsida, — det er eit underleg tvidrag i lyndet at dei same menneska soleis elskar yrkeløysa og hatar ro.

Det er skikk i statane deira at kvar mann sjølv mint kjem til hovdingane med sendingar av nautsfall og korn; det blir teke imot for æra, men er studnad for levemåten. Sers gjævt er det med gåvor frå grannefolka, og dei kjem sendande ikkje berre frå einskildmenner, men frå statar òg, — utvalde hestar, drustelege våpen, brystsylgjor og ringar. No har vi lært dei å taka imot pengar òg.

**Brystsylgjor:** slike har kome for dagen i romersk-germanske jordfund, og i innskrifter er dei titt nemnde som løn for våpendugleik.

16 Det er velkjent at dei germanske folka ikkje bur i byar, ja at dei ikkje toler so mykje som å ha bustadene sine samfeste. Skilde og spreidde set dei bu, etter som ei kjelde, ei slette eller eit holt gjev dei hug. Grendene sine legg dei ikkje etter vår skikk med sambundne husrekkjor; kvar mann har ein open bø kringum huset sitt, anten det no skal vera til vern imot eldsvåde eller det er av vankunne i bygningskunst. Byggjegrjot og murstein brukar dei ikkje heller; til allting nyttar dei grovt tømmer utan venleik eller prydnad. Sume stader stryk dei v l yver med eit slag jord so rein og blank so ho blir lik m ling og teikning med fargar.

Dei plar ogs  grava holor under jorda, og dungar tjukt med m k ovanp . Der har dei live um vinteren og g ymsle for gr da; for p  slike stader d yver dei den strenge kulden, og um fienden kjem, r var han det som ligg i dagen, men det l ynde og nedgravne veit han ikkje um, eller han leitar f fengt etter det.

17 Kl bunaden er for alle ei kappe, hekta i hop med eit spenne eller i naudh ve med ein torn. Utan andre kl de sit dei dagen lang attmed  reelden. Dei rikaste skil seg ut med underkl de, ikkje vide som hj  sarmatar og partar, men tronge so dei syner kvar ein led. Dei brukar villdyrfeldar ogs , n rast Rin-stranda noko sk ytelaust, lenger burte meir for seg gjort, sidan dei der ingen stas f r gjennom handelen; dei v l ut villdyr, og p  dei avfl dde feldane fester dei skinnlappar av dyr som

Spenne er noko av det som ein har funne aller mest av ifr  den germanske forntida (jarnalderen).

lever i uthavet og den ukjende sj en. Kvinnfolka kl r seg som karfolka, berre at kvinnene titt sveiper um seg linkjolar som dei pryder med purpur; dei t ygjer ikkje  vrekl dnaden ut til ermar, men l t armane og akslene vera nakne, og end -til det n raste av bringa er berr.

### Ekteskap og barn.

Likevel er ekteskapane strenge der, og det er 18 ingen ting i sedene deira som ein meir m  rosa. For dei er mest dei einaste av barbarfolka som n gjer seg med ei kone kvar, — fr rekna nokre reint f  som blir lokka til fleirgifte ikkje for vellyst, men for  ettstorleiken sin. Mannen f r ikkje heimanfylge hj  kona, men kona hj  mannen. Foreldra og skyldfolka er med og godkjenner g vone, og g vone er ikkje valde til kvinnelyst eller brurestas; men det er uksar, og beisla hest, og skjold med framea og sverd. Imot desse g vone f r festarmannen kona, og til vederlag f rer ho sj lv eitkvart v pen til mannen. Dette reknar dei for det sterkeste bandet, for l yndomsfull vigsel, for ekteskapsgudar. For di kvinna ikkje skal tru seg utanfor tanke p  manndoms d d og utanfor krigsf rane, so skal sj lve brudlaups-h gtida minna ho p  at ho kjem og skal vera lagsmann i strev og i naud, — at ho skal lida og v ga likt med mannen i fred og i strid. Det er dette som er meinингa med uksebeitet, den p -sela hesten, og v peng va: soleis skal ho leva, og soleis skal ho d y; det ho har teke imot skal ho gjeva ukrenkt

og uskjemt til sønene sine, so verdøtrane kann få det og bera det fram til sonesønene.

19 Soleis lever kvinnene med umgjerd blygd, og dei blir ikkje skjemde korkje med lokkande skodespel eller med eggjande gjestebod; karar og kvinner er like ukunnige i brevskrivings-løyndom. So fjølment som folkeætta er, so er ekteskapsbrot ovleg sjeldsynt, og straffa for det fylgjer på timen og er lagd i hendene på sjølve ektemannen. Snauklipt og avklædd jagar han ho ut or heimen so skyldfolka ser på, og driv ho med slag gjenom heile grenda. Det er ingen nåde for den som har gjeve æra si til pris; korkje med venleik eller med ungdom eller med rikdom kann ho finna seg ein ektemake. For der er det ingen som lær å synder, og det blir ikkje kalla «moderne» å våra eller la seg våra. Endå betre er det i dei statane der berre møyar gifter seg og berre ein einaste gong kann drøyma um å lova seg burt til husfru. På den måten får dei *ein* mann liksom *ein* kropp og *eitt* liv, so ingen tanke skal gå utanfor, inga trå tøygja seg lenger, — so dei liksom skal elska ikkje ektemannen, men ekteskapen.

Å avgrensa barnetalet eller drepa nokon av avkjømet held dei for nidingsdåd, og gode seder maktar meir der enn gode lover andre stader. I kvart eit hus veks barna upp nakne og ufjelga til desse lemene, desse kroppane, som vi ser med undring. Alle fær bryst hjå si eiga mor, og blir ikkje yverlatne til tenestekvinnor eller ammor. Inga fin uppfostring gjer skilnad på herre og træl; dei lever millom det

Barnedråp (utsetjing) var lovleg hjå germanane heilt til kristendomen sette forbod for det.

same féet, på den same jorda, heilt til alderen skil ut dei friborne og manndomsdåd vinn godkjenning for dei. Seint kjem kjærleikslivet hjå unggutane, og difor blir mannskrafta deira uøydd. Ungmøyane blir ikkje heller skunda på; dei fær ha same ungdomslivet og veksa like friskt; jamsterke med mennene gifter dei seg, og barna ber vitne um krafta til foreldra.

### Skyldskap.

Systersønene nyt same æra hjå morbroren som hjå faren. Sume held jamvel dette blodsbandet for meir heilagt og inderleg, so når dei skal taka gislar, krev dei dei heller etter dette umsynet, som um det bind hugen sterkare og ætt-ringen vidare. Til 21 ervingar og ettermenner har dei likevel kvar sine søner, og ervebrev finst ikkje. Har dei ikkje søner, so er brørne, farbrørne og morbrørne dei nærmeste til eigedomen. Di fleire skyldfolk og giftarskylde ein har, di ljosare er alderdomen; det er inga glede med barnløyse.

Fiendskap etter faren og etter skyldfolk må ein takla på seg likso vel som venskap. Men han er ikkje æveleg og uforsonleg; for endå-til manndråp blir bøtt med ei viss mengd storfé og småfé, og heile

Systersønene: sume vil setja um so det skulde bli at sistersønene «syner same vyrdnaden mot morbroren som mot faren»; med det svarer ikkje med målbruket elles hjå Tacitus. Ymse granskurar har teke denne setninga til vitnemål um ein upphavleg «moderrett» hjå germanane, ei anna skyldskapsrekning enn den vanlege; sjå um dette ei utgreiing i «Syn og Segn» 1898.



Foreldre gjev barna sine frå seg til gislar.

ætta tek imot bota. Dette er til gagn for samfundet; for fiendskapar er tvifelt fårlege når dei kjem attåt fridom.

### Gjestebod, gilde og leik.

Inga anna folkeætt gjev seg so hugheilt burt i gilde og gjestmildskap. Dei held det for synd å nekta hus til noko menneske; kvar mann tek imot ein gjest med dei beste rettene huset kann by. Når maten tryt, blir han som nyst var vert, vegvisar og fylgesmann til ny gjesting. Sjølvbedne vitjar dei nærmaste huset, og der er det nett like eins, — dei blir fagna med same blidskapen. For etter gjesteretten gjer ingen skilnad på kjend eller ukjend. Um den som fèr sin veg bed um eitkvart, er det skikken å la han få det, og det står likso fritt fyre

å beda um noko imot. Dei gled seg i gavor; men dei reknar ikkje på det dei har gjeve, og dei kjenner seg ikkje bundne av det dei har teke imot, — det er beinsam levemåte millom gjestevener.

Straks ovanpå svevnen, den dei for det meste tøygjer ut på dagen, laugar dei seg, tiast varmt, sidan vinteren varer so lenge hjå dei. Etter lauget tek dei maten; kvar mann har då sess og bord for seg sjølv. So går dei våpenklædde til yrket sitt eller likso titt til gjestebod. Å drikka i eino dag og natt er ingen mann ei skam. Når dei ryk usams, som det ofte hender millom drukne, går det sjeldan av berre med skjellsord, tiare med dråp og sår. Men i gjestebod rådlegg dei òg mang ein gong um utsoning millom uvener, um å knyta mågskapsband, um å taka ved hovdingar, ja endå-til um fred og krig, i den tanken at hugen aldri elles er so open for ærlege tankar eller so varm for store. Det er folk som korkje er sløge eller innfule, og det som låg göymt i brystet, det legg dei øpe når skjemen slepper dei laus. Når huglaget til alle soleis har vorte synbert og klårt, blir saka dryft um att næste dagen, og det er god meining i både det eine og det andre tidvalet: dei rådlegg når dei ikkje kann narra, og dei tek avgjerd når dei ikkje kann misfara seg.

Til drikke har dei ei saft av bygg eller kveite som har æst so det liknar noko på vin. Folka nærmast Rin-stranda kjøper seg dessutan vin. Matrettene er uvande, — vill frukt, ferskt villdyrkjøt, og tjukk mjølk; utan tilstelling eller krydde stiller dei svolten. Imot torsten er dei ikkje so måtehaldne, og vil

ein stetta drikkehugen deira og gjeva dei so mykje dei trår etter, då vinn ein likso lett på dei med lasten som med våpna.

- 24 Dei har berre eitt slag med skodespel, og det er likt i alle samkomor. Nakne unggutar har det til leik, at dei slengjer seg i hopp inn imillom sverd og trugande spjot. Tamen har skapt kunst, kunsta venleik. Men dei gjer det ikkje for vinning eller løn; gleda hjå åskodarane er vederlaget for den heller vågsame moroa.

Terningspel driv dei, underleg nok, medan dei er edrue og har ålvorssyslor, og det med slik ei vyrdløyse for vinning eller tap, so når dei har spela burt alt, set dei seg sjølve og fridomen inn på det ytarste og siste kastet. Den som taper går friviljukt i trældom; um han so er yngre og sterkare, læt han seg binda og halda fal. So stride er dei i ei låk sak; sjølve kallar dei det truskap. Trælar av dette slaget sel dei ifrå seg, so dei kann fri seg sjølve for skamma av sigeren.

### Trælar.

- 25 Dei andre trælane nytta dei ikkje på vår vis, soleis at kvar fær si teneste i huslyden; kvar styrer sin eigen bustad og heim. Herren legg på han å reida ut eit mål korn eller fe eller klæde, liksom på ein colonus, og so langt har trælen å lyda; elles greier kona og barna husarbeidet. Det er sjeldan at dei tuktar trælen med slag eller set han til arbeid

*Colonus:* ein halvfri leiglending, frå fyrsten i Italia, sidan vidare ikring i det romerske riket.

i lenkjar; men dei drep han lett, ikkje for streng tukt, men i bråsinne, liksom dei drep ein uven, berre at dette er strafflaust.

Dei frigjevne står ikkje mykje yver trælane. Dei har sjeldan noko å segja i huset, aldri noko i staten, so nær som berre hjå dei folka som er kongestyrde, — der stig dei yver både friborne og adelege. Hjå dei andre er det eit merke på fridomen at dei frigjevne ikkje er jamgode.

### Jordbruket.

Å driva pengelån og setja ut på rente er ukjent; difor held dei seg betre frå det enn um det var forbode. Markene tek dei i bruk alle skiftevis etter talet på jorddyrkunar, og sidan kløyver dei dei millom seg etter rang; der er slike vidder so det er lettvint

**Jordbruket:** Nær-sagt kvar ei setning i dette kapitlet er umstridd og blir tolka på mange ulike måtar. Serskilt gjeld det setninga um koss markene blir tekne i bruk. For det fyrste: kva er «markehe»? Det kann vera åkrar, eller både åker og eng; helst er det vel alt dyrkingsland som er meint. Dinæst: kva er meint med å «taka i bruk»? Det kann vera tale um nytt land som folket legg under seg; men sidan germanane ikkje var umflakkande folk, er det naturlegast å tenkja på rudningsland som dei tek upp. Og so «alle skiftevis»? Det har mindre å segja at vi veit ikkje so nøgje kven som blir rekna med til «alle». Men ordet «skiftevis» kjem so vrangt inn i samanhengen so ymse granskurar har meint ein burde brigda teksten. Skal meininga vera at dyrkingslandet går på umgang millom jorddyrkunarane? eller må dei stendigt få seg ny jord? Når det etterpå heiter at markene blir kløyvde eller skifte ut, so blir det eit spørsmål um dei blir eigedom eller berre bruksland. Og det ordet som her er umsett med «rang» etter det vanlege målbruket hjå

å skifta ut. Pløgjemarker byter dei år um anna, og det er ovnøgd på jord; for dei kappast ikkje i arbeidet sitt med voksterrikdomen i jorda soleis at dei plantar aldehagar og gjerder inn enger og vatnar urtehagar, — dei krev ikkje anna enn korn av jorda. Difor skifter dei ikkje året i so mange årstider som vi: dei kjenner og har ord for vinter, vår og sumar; men hausten veit dei ikkje um korkje av namn eller av gåvone hans.

### Gravfesting.

27 Med likferd er det ingen stas. Det einaste dei ansar etter, det er at lika etter namnfræge menner blir brende med visse vedslag. På bålet haugar dei ikkje klæde eller godlukt; kvar mann blir brend med våpna sine, sume med hesten sin òg. Torva er den grava som lyfter seg yver dei; dei forsmår den tungvinte og strevsame æra med minnesmerke, som um den tyngde på dei avlidne. Skrik og gråt sluttar dei fort med; men sorga og tregen gøymer dei lenge. For kvinnfolk er detosomeleg å jamra, for karfolk å minnast.

Tacitus, kann òg bli umsett med «verdsetjing». Her er soleis fullt av spørsmål for den gamle germanske jordbrukskipnaden. — Pløgjemarkar: Her er på nytt usemje um tolkinga; sume vil tenkja på skifte millom bønderne, sume berre på eit bruksskifte soleis at jorda det eine året blir pløgd til åker, det andre året ligg i træde. — Haust: det er merkeleg nok at når dei andre årstidene har utgamle namn som sermerkjer dei etter verlag eller ljos; so er ordet «haust» eit yngre og ser-germansk ord som upphavleg berre meiner «innsanking».

### II.

## UM DEI EINSKILDE FOLKA.

### Tilhøvet til grannefolk.

Dette er det som vi har høyrt ålmənt um upp-havet og sedene til alle germanane. No skal eg greia ut um skipnad og skikk hjå dei einskilde folkesлага, korleis dei skil seg, og kva for folk som har flutt frå Germania inn i Gallia.

At gallane ein gong var dei mektigaste, det 28 fortel den beste sogemannen, den guddomelege Julius, og difor er det truleg at gallane òg har gått yver grensa inn i Germania. For kor lite kunde elva vera til meins for at kvart eit folk, so fort som det styrktest, eigna til seg og tok i byte dei bustadene som fyrr låg sams og ikkje var utskifte med noka riksmakt! Difor rådde *helvetiane* millom den herkynske skogen og elvane Rin og Main, og lenger burte *boiane*, — galliske folkeslag båe to. Endå lever namnet Boihæmum og held uppe sogenettet um bustaden, endå folkesetninga har skift.

Men um *araviskane* har flutt inn i Pannonia frå *osane*, eit folk millom germanane, eller osane inn i

*Julius*, d. e. Cæsar. — *Gallane* i Germania, sfr. merknaden til kap. 2. — Den herkynske skogen blir hjå geografen Strabon rekna til det sveviske landet, og skulde helst svara til det fjell-landet som no heiter Thüringen. — *Boihæmum*, no Böhmen. Um det nye folket der, sjå kap. 42. — *Araviskane* eller eraviskane budde millom Donau og Drave, og den byen som sidan vart heitande Ofen (Buda), vart i den tida nemnd etter dei. — *Osane*, nordanfor Donau, austanfor Böhmen, sjå kap. 43.

Germania frå araviskane, det er uvisst, endå dei framleis brukar same målet, skipnaden og sedene; for ein gong var det like godt og ringt på båe strendene med same fatigdomen og fridomen.

*Treverane og nerviane* derimot set si ære i å rekna seg av germansk upphav, liksom dei med denne ætte-æra vil skilja seg ut ifrå dei dådlause gallane. Attmed sjølve Rinstranda bur utvilsamt germanske folk, — *vangionar, tribokar* og *nemetar*. Ikkje *ubiane* dessmeir blygjest av upphavet sitt, endå dei har gjort seg verde til å bli ein romersk koloni og helst kallar seg agrippinensar etter namnet på grunnleggjaren; dei flute yver elva i gamle dagar, og for den prøvde truskapen sin vart dei busett attmed sjølve Rinstranda, so dei skulde verja, ikkje vera under vakt.

29 Fremst i manndom av alle desse folka står *batavane*, — dei bur ikkje so mykje på Rin-stranda

*Treverane* eller *trevirane*, eit belgisk folk kringum elva Mosel; byen Trier har endå namn etter dei. Dei var med dei germanske batavane i upprøret år 69 e. Kr. — *Nerviane*, like eins eit belgisk folk, i det landet som no heiter Picardie; Cæsar segjer at dei var dei villaste og mest sjølvstendehuga av gallane. — *Vangionar* og *nemetar* budde um-lag i det landet som no er baiersk Pfalz, *tribokane* i Nord-Elsass. — *Ubiane* gjorde samlag med romarane under Cæsar og flute under Augustus yver Rin; byen deira vart i året 50 e. Kr. gjort til ein romersk koloni og fekk namnet *Colonia Agrippinensis* etter keisarfrua Agrippina, — det er no byen Köln. Tacitus fortel ein annan stad (*Hist. IV 63*) at dei andre germanane hata *ubiane* for fråfallet deira. — *Batavane*: endå lever namnet deira i landskapet Betuwe i Holland, øya millom dei to Rin-armane Waal og

som på ei øy i elva. Ein gong var dei eit av dei chattiske folka; men etter eit upprør der heime flute dei burt til desse bustadene der dei kunde bli med i det romerske riket. Endå står ved makt eit heidersteikn på det gamle sambandet: dei blir ikkje vanæra med avgifter, og ingen skattepaktar gneg på dei; frie for tyngslor og tilskot, berre oppsparde til herbruk, blir dei haldne til handa for krig liksom våpen og verje.

I same lydskyldnaden står folket til *mattiakane*. For stordomen til romarfolket har bore vyrdnaden for riket heilt vest yver Rin og utanfor dei gamle grensone. Soleis lever mattiakane etter bustad og landumråde på si eiga strand, men etter hug og vilje i hop med oss, og dei er like batavane i alt so nær som at sjølve jordbotnen og himmelen i landet deira kveikjer dei til endå djervare mod.

Eg vil ikkje rekna til Germania-folka dei som nyttar ut tiendmarkene, endå dei bur burtanfor

Lek. Alt Cæsar segjer at dei budde der, so det er kanskje noko tvilsamt med flutninga deira. I romerske innskrifter blir dei kalla «brør og vene til romarane», og det vart ingen skilnad på dette etter det store upprøret i åra 69—70, berre at dei bataviske herfolka no lenger ikkje fekk vera ein herflokk for seg sjølve, men vart spreidde rundt i grenseherane. Den faste herstyrken dei gav romarane, var 1000 hestfolk og 9000 fotfolk. — *Mattiakane* budde i landet millom elvane Main, Rin og Lahn. — *Tiendmarkene*: ordet finst berre her, og meininga med namnet er uviss. Under Augustus tok romarane til å byggja ein grensemur som for det meste fylgte Donau og Rin, men som skar tvert igjenom lande frå Regensburg til Mainz, og soleis vart «tiendmarkene» gjerde inn i riket, — i hovudsaka det landet som no er Württemberg og Baden.

Rin og Donau. Allslags laust folk ifrå Gallia, fatige vågehalsar, har teke denne jorda som ingen visste kven åtte. Sidan, etter grensa er fastsett og hervaktene framskotne, gjeld dei for eit nes av riket og ein lut av provinsen.

### Vestlege germanar.

Burtanfor desse folka bur *chattane*. Landet deira tek til i det herkynske skogslandet, men blir ikkje so vidsveimt og myrlendt som dei andre statane som Germania breier seg ut til; for haugane fylgjer med, um dei so smått um senn minkar, — det herkynske skogslandet både bør fram chattane sine og set dei av. Det er eit hardført folk, med strake lemer, trassig åsyn og stor viljestyrke. Til germanar å vera har dei mykje fyretanke og dugleik: dei både vel seg førarar og lyder dei, dei skynar seg på slagrekjkjor, dei ansar på tilhøva og ventar med ålaup, dei nyttar dagen og tryggjar natta, dei reknar lukka for uviss, men lit seg til djervskapen, og — det som er det mest sjeldsynte og elles berre tiltrudd romersk mannstukt — dei set vona meir til hovdingen enn til heren. All styrken ligg i fotfolket, som umfram våpna lyt bera på arbeidsreidskap og matforråd. Andre folk kann ein sjå gå til slag, —

**C h a t t a n e**, same folket som sidan heiter hessar. Det var eit våpendjervt folk, og alle krigane som romarane hadde i Germania etter Arminius var død og eit heilt hundradår frametter, hadde dei med chattane. I nytida har dei eit vers um hessane som lyder so: «Das Hessenvolk ist hart und rauh, — und lebt wie eine wilde Sau.»

chattana går i krig. Sjeldan gjer dei lauparferd eller strider dei på slump. Det er nett sermerkt for hestfolkmakt, å vera snar til både å vinna ein siger og vika attende, — rappleik har reddhug i fylge, seinleik er nærare støleik.

Noko som hjå andre germanske folk er sjeld-synt og berre teke i bruk av einkvan vågal einskild-mann, men som er ålgjengt hjå chattane, det er at dei slepper ut hår og skjegg straks dei blir vaksne, og so ikkje fyrr dei har drepe ein fiende, legg av denne andletshamen, lovnaden og pantet på manndomsdåd. Yver blod og herfang dekkjer dei av panna, og fyrst då meiner dei at dei har løyst fødselsgjelda si og er fedreland og foreldre verdige. Reddharar og blautingar lyt gå med lurvehamen. Dei aller djervaste ber dessutan ein jarnring (det gjeld for skamfullt hjå folkeætta) liksom ei lenkje, til dess at dei løyser seg med dråpet på ein fiende. Mange av chattane likar denne bunaden; dei grånar med dette teiknet og læt seg peika ut for fiendar og for landsmenner; dei byrjar alle herslag, og dei er støtt i fremste lina, skrämelege å sjå til. Ikkje i fred dessmeir blidkast dei med mildare åsyn; ingen har hus eller mark eller noko å stella med; dei læt seg føda av den dei kjem til, — rauste med annanmanns gods, likesæle um sitt eige, alt til dess at alderdoms-trøyttleik gjer dei duglause til slikt hardbale krigsliv.

Nærast chattane attmed Rin, der elva alt går i eit fast far og høver til grense, bur *usipar* og

**U s i p a n e** eller *usipetane* hadde i åre 55 f. Kr. gått yver Rin, men vart jaga tilbake av Cæsar, og sidan flakka dei

*tenkterar.* Umfram vanleg stridsfrægd brikjer tenkterane med hagleik i ridekunst, og det står ikkje større glans av fotfolket hjå chattane enn av hestefolket hjå tenkterane. Forfedrane gav fyredømet; etterkomarane tek etter. Slik er leiken millom barna, kappinga millom unggutane, og gamlingane



Germansk hestmann.

held fram. Med hus og heim og ervegods fylgjer hestane med; dei går likevel ikkje til den fyrste-fødde sonen soleis som alt det andre, men til den stridsdjervaste og gjævaste.

noko ikring, men heldt seg mest på Rin-stranda lengst vest i Westfalen. Elles høyrer vi ikkje stort um dei. — Tenkterane kom i lag med usipane yver Rin, men vart òg jaga tilbake; sidan budde dei austanfor Rin midt imot ubiane.

33

Attmed tenkterane råka ein fyrr i tida *brukterane*. Men no blir det meldt at *chamavar* og *angrivarior* har flutt inn her; for grannefolka slo seg i hop og jaga og avøydde brukterane reint, anten det var av hat til ovmodet deira eller av rovlyst eller det var ein nåde mot oss frå gudane, — for dei unnte oss jamvel skodespelet av slaget. Meir enn 60,000 fall, ikkje for romerske våpen og verjor, men — det som i sanning er herleg — til lyst for augo våre. Måtte berre, det bed eg, desse folkeættene halda og næra um ikkje kjærleik til oss, so i minsto hat til einannan; for når lagnaden ein gong trugar riket, kann lukka ikkje gjeva større hjelp enn usemje millom fiendane.

34

Angrivariane og chamavane er stengde på baksida av *dulgubniar* og *chasuariar* og andre folkeætter som ikkje er so kjende. På framsida møter *frisaner*. Dei blir kalla store og små frisar etter

**B r u k t e r a n e** budde midt i Westfalen, millom elvane Ems og Lippe. Dei var millom dei fremste i opprøret mot romarane år 69—70. Hundrad år etterpå finn vi storparten av dei austanfor Ems. — **C h a m a v a n e** er nemnde endå i 9de hd.-året som eit frankisk folk; då var dei komne noko lenger vestpå, der som no grensa går millom Westfalen og Gelderland. — **A n g r i v a r i a n e:** namnet deira blir gjerne sett i hop med den vesle byen Enger lengst nordaust i Westfalen. — **D u l g u b n i a r**, eit elles mest ukjent folk, venteleg i Hannover. — **C h a s u a r i a n e** har vel namn etter elva Hase i Hannover, ei austleg side-elv til Ems. — **F r i s a n e** budde langs med Nordsjøen alt ifrå Rin til Ems. Drusus Germanicus, stykson til Augustus, hadde sight nedetter Rin og vunne på frisane, og sidan, i året 12 f. Kr., gjorde han ei sjøferd nordanum det frisiske landet heilt til Weser og Elbe.

maktvilkåra. Bæ folka er heilt ut til storhavet dekte av Rin, og bur dessutan kringum veldig sjøar: dei har romerske flåtar og fare på, og vi har jamvel på den kanten våga oss ut på sjølve storhavet, — segna melder at der står endå Hercules-stolpane, anten no Hercules har kome dit eller det har vorte skikken vår å føra yver på gjetordet hans alt som allstad finst av storfelt. Det skorta ikkje Drusus Germanicus på vågemod; men storhavet hindra ettergransking både um det sjølv og um Hercules. Sidan har ingen freista seg, og det har tyktest meir helgd og vyrdnad i å ha tru på gudegjerningane enn å ha visse um dei.

### Nordlege germanar.

35 So langt kjenner vi til Germania imot vest. Imot nord går det tilbake i ein veldig sving, og først kjem då straks det *chaukiske* folket. Endå det byrjar alt ifrå frisane og tek med eit stykke av havstranda, so tøygjer det seg då langs etter alle dei folkeættene eg har greidd ut um, og bøygjer seg heilt til chattane. Denne uhorvelege landvidda er chaukane ikkje berre herrar yver, men fyller ho ut. Dei er det gjævaste folket millom germanane, og likar best å verja stordomen sin med rettferd. Utan rovlyst, men

Hercules-stolpane var elles namnet på dei to fjella på kvar si sida av Gibraltar-sundet; dei var liksom grensestolpane for manneheimen. — Chaukane budde frå Ems heilt aust til Elbe, men uviss kor langt mot sør. Namnet deira er eit av dei få gamle folkenamna som granskaraner nokolunde samde um koss dei skal tyda: chaukane er det same som dei «høge».

utan vanmakt, lever dei rolege og sjølvstøde, eggjar ikkje fram nokon ufred, herjar ikkje med ran og rov. Det er det ypparste vitnemålet um manndomen og makta deira, at det er ikkje med rettskrenkjingar dei greier å vera yvermenner. Likevel har dei alle våpna i stand, og um det trengst, ein sterk her av karar og hestar. Men agen er like stor uni dei held seg i ro.

36 Attmed chaukane og chattane bur *cheruskane*. Dei har altfor lenge note ein dauvleg fred utan ågang, og det har vore meir uneleg enn trygt; for millom maktlause likso vel som millom sterke er det rangt å slå seg til ro, — der neveretten gjeld, fær berre sigerherren heita måtehalden og retthuga. Dei som fyrr var dei gode og rettvise cheruskane, dei blir difor no kalla dådlause og dumme; for dei sigersæle chattane har lukka vorte til visdom. Fallet for cheruskane råka grannefolket *fosane* òg; dei er no jamgode lutmenner i ulukka, når dei i lukka var undermenner.

37 På den same kanten av Germania, nærast storhavet bur *kimbrane*, no ein liten stat, men stor i

*Cheruskane*, i Hannover, heilt aust imot Elbe. Under Arminius, år 9—19 e. Kr., var dei førarfolket millom germanane. — *Chattane* vann på cheruskane i året 88 e. Kr. — *Fosane* har kanskje namn etter elva Fuse i Hannover, ei side-elv til Aller. — *Kimbrane* var namngjetne frå den herferda inn i romarriket dei gjorde i lag med teutonane. Cæsar fortel at dei kom yver nedre Rin, og at ein part av dei vart liggjande etter i Belgia. Elles blir dei først nemnde sør i Alpane i året 113 f. Kr., og dei vart endelig slegne i Nord-Italia i året 101. Keisar Augustus fortel at på hans tid budde dei attmed Nordsjøen; noko yngre geogra-

namnfrægd. Endå finst vide far etter det gamle gjetordet deira, rømelege herlæger på både elvestrendene; etter umfanget på dei kann ein mæla makta og mengda til folket og få stadfesting på kor stor utforda var. Byen vår var i det 640de året då ho fyrst høyrd ordet um den kimbriske herferda, medan Cæcilius Metellus og Papirius Carbo var konsular; reknar vi derifrå til det andre året keisar Trajan var konsul, fær vi tilsaman på lag 210 år. So lenge har vi halde på med å vinna på Germania! Inni denne lange tidbolken har det vore mange tap på både sidone. Ikkje samnitane, ikkje punane, ikkje Hispania eller Gallia, ikkje partane dessmeir har gjeve oss so mange minningar; for den germanske fridomen er hardare å dragast med enn kongsvelde til Arsakes. Kva kann øysterlanda setja imot oss anna enn nederlaget til Crassus, sidan det sjølv måtte mykja seg for Ventidius og miste sjølv Pakorus?

far nemner øyar eller nes i Øystersjøen som bustaden deira, og hundrad år etter Tacitus blir dei heimfeste lengst nord på Jylland. Rudolf Keyser, og sidan mange andre granskarrar, har difor meint at Himmerland, det gamle Himersyssel, no Ålborg amt på Jylland, har namn etter kimbrane. I samsvar dermed trur dei at Harsyssel på Jylland, no Ringkøbing amt, har namn etter charudane, som Augustus nemner i lag med kimbrane. — Det 640de året: rettare det 641de; dette svarar til 113 f. Kr. — Trajan var konsul for andre gongen i året 98 e. Kr. — Arsakes grunnla kongsmakta hjå partane år 256 f. Kr., og ettermennene brukar namnet hans mest som ein tittel. — Crassus, triumviren, fall imot partane år 53 f. Kr. Men Ventidius Bassus, ein uppkoming av venene til Cæsar, vann på dei i åra 39 og 38 f. Kr., og Pakorus, son til kong Orodes, miste livet.

Men germanane har fyrst øydelagt fem konsul-herar for det romerske folket, då dei slo eller fanga Carbo, Cassius, Scaurus Aurelius, Servilius Cæpio og Gnæus Mallius, og sidan har dei øydelagt for keisaren Varus i hop med tri legionar. Ikkje utan tap har C. Marius slege dei i Italia, den guddomelege Julius i Gallia, Drusus og Nero og Germanicus i heimlandet deira. Etterpå har dei svære trugsmåla til C. Cæsar vendt seg til spott. Sidan var det fred, til dess at dei nytta på medan det var usemje og borgarkrig hjå oss; då hertok dei vinterlægret til legionane og tok jamvel på Gallia. Etter dei var jaga tilbake derifrå, har det i dei seinste tidene vore meir med triumfar enn med sigrar yver dei.

Papirius Carbo tapte imot kimbrane år 113 f. Kr., Cassius Longinus år 107, Scaurus Aurelius, Servilius Cæpio og Mallius Maximus år 105. — Varus leid det store nederlaget imot cheruskane år 9 e. Kr. — Drusus førde krig i Germania i åra 12—9 f. Kr.; sidan var det bror hans, Tiberius Nero, den seinare keisaren, og so son til Drusus, Cæsar Germanicus, 13—16 e. Kr. — C. Cæsar d. e. keisar Caligula. Han tok på herferd til Germania; men dei romerske historieskrivarane skildrar alle tiltaka hans som reint komediespel. — Borgarkrig var det i romarriket etter Nero var drepen år 68, og då gjorde batavane og andre germanske folk eit stort og fårlegt upprør; men år 70 hadde romarane yvertaket. — Triumph heldt Domitian i året 83; i boka si um Agricola segjer Tacitus at dette var ein «falsk» triumph.

### Shevane.


33 Nô blir det å fortelja um *shevane*, og dei er det ikkje berre eitt folk av liksom av chattane eller tenkterane; for dei råder for störsteparten av Germania og er den dag i dag skilde med serlege folkenamn, um dei so tilsaman blir kalla svevar. Eit sermerke for dette folket er at dei stryk håret tilbake og bind det upp i ein knute; dermed skil shevane seg ifrå dei andre germanane, og dei friborne hjå shevane ifrå trælane. Hjå andre folk er dette sjeldsynt, anten då for di dei er skyld med shevane eller — tiast — hermer etter dei, og då er det berre i bruk millom ungdomen; men hjå shevane stryk dei det bakyver heilt til dei er gråhærte og håret stritar imot, og ofte blir det knytt i hop på sjølve berre kvervelen. Hovdingane ber det endå meir staseleg. Dette er hugen deira for venleik, men for ein som er uskadeleg; for dei pyntar seg ikkje med tanke på å gjeva eller vinna elskhug, men til å vekkja age og otte når dei skal gå i krig, so dei skal synast staselegare i fiends-augo.

*Shevane* er hjå Tacitus namnet på alle dei austlege germanane, dei som aldri nokosinne hadde kome under romersk velde. Då Cæsar år 58 f. Kr. kom til Gallia, måtte han først føra krig med svebar som hadde trengt heilt vest yver Rin, og han fortel um svebane som det største og mektigaste av alle dei germanske folka. Desse svebane hadde heimstaden sin kringum elva Main, og etter dei fekk Schwaben namn. Det kann visseleg ikkje vera rett å føra det svebiske namnet yver på so mange folk som Tacitus gjer. — Håknute: Seneca og Juvenal nemner det um germanane ålment, diktaren Martialis serskilt um sigambrane attmed Rin.

Dei eldste og adelegaste av shevane reknar *semnonane* seg for å vera. Gudsdyrkinga deira stafester trua på den høge alderen. På fastsett tid kjem sendelag frå alle folka av same ætta i hop i ein skog som er helga av fedre-vigsel og gamal age, og der gjer dei det fæle upptaket til ein heidensk høgtidskikk med å blota ein mann på vegnene til alle. Ein annan vyrdnad syner dei òg denne lunden: Ingen går inn der utan han er bunden med lenkje, liksom han er undermann og bøygjer seg for guddomsmakta; um han kjem til å detta, har han ikkje lov å reisa seg eller bli letta upp, men lyt velta seg ut burt-etter jorda. Heile ovtrua viser til at der er upphavet til folkeætta, og der er den guden som styrer alt, — alt anna er undergeve og må lyda.

Velmakta til semnonane aukar vyrdnaden deira; dei bur i hundrad fylke, og for di dei er so stort eit samfund, held dei seg for hovudfolket millom shevane.

*Semnonane* budde millom Elbe og Oder, i landskapet Brandenburg. — *Guden*: visseleg Oden. — *Hundrad fylke*: so mykje reknar Cæsar for dei svebane han kjende til.



Ein hovding i bøn; eit germansk hus nedunder.

40 *Langobardane* derimot vinn seg adel med fåtalet sitt. Endå dei er ringa inn millom mangmente og mektige folkeslag, tryggjar dei ség ikkje med undergjeving, men med vågnad og strid.

Etterpå kjem reudignar, avionar, angliar, varinar, eudosar, suardonar, og nuitonar, — dekte bak elvar og skogar. Det er ikkje noko merkeleg med kvart einskilt folk, berre det at dei i lag dyrkar *Nerthus*, d. e. moder jord, og trur at ho blandar seg i menneskelivet og køyrer fram millom folka. På ei øy i storhavet er det ein heilag lund, og i den ei vigsla vogn, dekt med eit klæde. Berre presten har lov å røra vogna. Når han skynar at gudinna er til stades i heilagdomen, læt han ho køyra fram med kyr og fylgjer med i djup vyrnad. Då er det fest og glade dagar allstad som ho gjer den æra å koma på gjesting. Då går dei ikkje i krig eller lyfter våpen; kvart eit

*Langobardane* budde under Augustus millom Weser og Elbe, og dei blir då kalla «eit vilt folk endå til germanar å vera»; snart etter finn vi dei austanfor Elbe. — *Reudignane* og dei andre folka må etter skildringa her ha budd langs med havet, anten då i Holsten og Sør-Jylland eller i Meklenborg. Vi veit elles lite um dei. Angliar og varinar budde i 9de hd.-året i Thüringen; men angliane kann godt ha kome frå Angel i Sør-Jylland, og namnet på varinane kann ha samanheng med elva Warne i Meklenborg. — *Nerthus*, same namnet som Njordr, men med anna kjøn. I gamle utgåvor var namnet mislese, so det stod «*Hertha*»; det tolka granskarane som einstydig med tysk «*Erde*», og med di at danske lærde heldt det for utvilsamt at den heilage øya var Selland, fann dei då her «*Herthas lund*» som vart eit fast bilet i dansk diktartale. Granskarane no trur helst at øya til Nerthus har vore Helgoland, eller so må ho vera ei av dei meklenborgske øyane i Øystersjøen, t. eks. Rügen.

sverd er nedlæst. Berre i dette belet er fred og ro kjend og elska, til dess at same presten fører gudinna tilbake til templet når ho er mett av samværet med menneska. Etterpå blir vogna og klæda og — um ein torer tru det — sjølve guddomen tvetta i eit avgøymt tjørn. Trælar gjer arbeidet, og dei blir straks gløypt av same tjørnet. Derav ein løyndomsfull redsel og ei heilag vankunne um kva det er som berre daudevigde menner fær sjå.

Denne parten av svevane tøygjer seg inn i den meir avbaklege luten av Germania. Nærare oss — når eg no fylgjer Donau liksom eg nyst har fylgt Rin — er staten til *hermundurane*. Dei lever i tru venskap med romarane, og difor er dei dei einaste av germanane som har samhandel ikkje på elvestranda, men langt inn i riket i den ovrike kolonien i provinsen Rætia. Allstad slepp dei yver utan vakt, og når vi berre syner fram våpna og herlægra våre for dei andre folka, so læt vi upp for hermundurane husa og gardane utan dei trår etter det. Hjå hermundurane er uppkoma til Elbe, ein gong ei namnspurd og velkjend elv, — no høyrer ein berre um ho.

Attmed hermundurane bur *varistane* og so 42

*Hermundurane* budde i det landet som no svarar til Franken og Sachsen, alt ifrå Donau til øvre Elba. Dei hadde fyrr budd lenger nord, men fekk under Augustus lov å slå seg ned i gamalt markomanisk land sør imot Donau. — *Kolonien i Rætia*, d. e. Augusta Vindelicorum, no Augsburg, grunnlagt under Augustus. — *Elbe*: under Augustus hadde romarane freista føra grensa si heilt frem til Elbe; men Tiberius drog ho tilbake til Rin. — *Väristar*, eller kanskje naristar, budde venteleg lengst aust i Bayern nor-

*markomanar* og *kvadar*. Framifrå er æra og makta til markomanane, og sjølve heimen sin har dei vunne med manndom, i di at dei har drive burt boiane. Varistane og kvadane gjer ikkje skam på ætta dei heller. Dette er liksom panna på Germania, der som ho støyter mot Donau. Markomanane og kvadane har heilt til våre dagar havt kongar av sitt eige folk, det ættstore huset til Maroboduus og Tuder; no lät dei seg lita med utlendingar òg. Men desse kongane fær makt og mynd av romersk godkjennung; vi hjelper dei sjeldan med våpen, tiare med pengar, og styrken deira er ikkje mindre for det.

43 Bak ryggen på markomanar og kvadar stengjer *marsignar*, *kotinar*, *osar* og *burar*. Av dei høyrer marsignar og burar til svevane etter mål og klæbunad. For kotinane vitnar det galliske målet,

danfor Donau. — Markomanane hadde fyrr budd uppmed elva Main, i Franken, men drog seg undan for romarane og flutte inn i Böhmen der dei lenge hadde eit mektigt rike. — Kvadane flutte frå Maindalen i fylge med markomanane, og skipa eit rika der som det no heiter Mähren. — Tuder hadde tapt imot Drusus og vilde då gjeva seg og folket sitt under romarane. Men Maroboduus gjorde seg til konge i staden hans, um-lag år 10 f. Kr., og vart herre ikkje berre yver markomanane, men dessutan yver lugiar, gottenar, semnonar og andre austgermanske folk. Det var Maroboduus som førde markomanane til Böhmen. Han heldt seg utanfor dei romersk-germanske krigane i dei næste åra; men i året 17 e. Kr. vende Arminius seg imot han, og då leid han nederlag. To år etter vert han jaga ifrå riket sitt, og sidan levde han 18 år i Ravenna. — Marsignane synest måtta vera nærskyld med marsane, k. 2. — Burane var sidan jamt med i markoman-krigane.

for osane det panniske, at dei ikkje er germanar, og like eins det at dei ber avgift; noko av avgifta legg sarmatane på dei, noko kvadane, soleis som ein gjer med ættframande. Kotinane grev dessutan ut jarn, so det er endå større skam for dei. Alle desse folka har slege seg ned noko på flatlandet, men mest i skogliene og på fjellryggene; for ein samanhangande fjellrygg kløyver og skjer sund Svevia, og burtanfor den bur mange folkeslag.

Av dei breider namnet til *lugiana* seg vidast, spreidt som det er yver ymse rike; det lyt vera nok å nemna dei mektigaste, — hariar, helvekonar, manimar, helysiar, naharvalar. Hjå *naharvalane* kann ein sjå ein lund med gamal gudsdyrking; ein prest i kvinnebunad er forstandar, men gudane er mannlege, etter romersk tolking Castor og Pollux, — slik er i minsto makta til guddomen, namnet er Alkis. Dei har inga bilete; der er ikkje noko merke etter at ovtrua er framand; likevel blir dei æra som brør og som ungmenne. *Hariane* går yver

O s a n e, sfr. kap. 28. — P a n n o n i s k, det same som illyrisk. — J a r n kom fyrst til germanane frå dei keltiske folka i Donau-landa; sjølve ordet blir rekna for keltisk i upphav. — F j e l l r y g g: Sudetane og Erzgebirge. — L u g i a n e (eller lygiar, leugiar), eit stort folk i Oder-dalen, nærest i landskapet Schlesien; vi høyrer elles òg um mange underfolk, og dette styrkjer den tolkinga at namnet deira er det same som dei «sambundne». — C a s t o r og P o l l u x, greske tvillinggudar; slike tvillinggudar kann ein finna att hjå ymse folk. — A l k i s svarar til eit sam-germansk ord med meiningsa «vern, heilagdom»; det finst i ymse norderlendske run-innskrifter i forma «alu», og vi har det i norske stadnamn på elg-, liksom i run-namnet «elgr».

dei andra nystnemnde folka i makt, og so skræmlege dei ser ut, so hjelper dei endå på den naturlege villskapen med kunst og med tidval: dei har svarte skjoldar, dei fargar kroppen, dei vèl skume netter til strid, og med sjølve skuggeredsla av ein daudingher set dei støkk, med di ingen fiende herder det uvande og nær-sagt djevelske synet; for i all herstrid er det augo som først blir vunne på.

Burstanfor lugiane bur *gotonane*. Dei står under eit kongsvelde som alt er noko stramare enn hjå dei andre germaniske folka, likevel endå ikkje med tapt fridom. Lenger fram ifrå storhavet kjem so *rugiær* og *lemoviar*. Sermerke for alle desse folka er runde skjoldar, stutte sverd, og lydnad imot kongar.

44 Ute i sjølve storhavet er statane til *svionane* som umfram menner og våpen har mektige flåtar. Skapnaden på skutone skil seg ut med at dei har stamn i bæe endane, so dei alltid høver til landing. Dei brukar ikkje segl, og fester ikkje årane til skipssida i rader; dei har opne tollegangar liksom på elvebåtar, so dei kann flytja årane hit og dit etter som det trengst. Hjå dei står rikdom òg i ære,

*Gotonane*, utvilsamt det same folket som i det 3dje hd.-året blir kalla gotar. På denne tida budde dei kring um Weichsel. — *Rugiane* er elles nemnde fyre 5te hd.-året, og då sør med Donau; men på denne tida budde dei attmed Østersjøen, og øya Rügen gøymer endå namnet deira. — *Lemoviane*, kanskje i røynda eit lettisk folk. — *Svionane*, d. e. sviane; det er det fyrste folket vi høyrer um på den skandinaviske halvøya, — romarane heldt elles Skandinavia for ei øy ute i storhavet. — *Skutone*: ikkje i Sverike, men i Danmark og Noreg har ein funne båtar frå so gamal tid, og dei svarar til skildringa her.

og difor er det reint einvelde, utan noko undantak, utan noko utrygt lydnads-krav. Våpna er ikkje tiltøklege for alle som hjå dei andre germanane, men blir haldne nedlæste og med ein træl til vaktmann. For storhavet hindrar bråe fiends-innfall, og yrkelause hender som har våpen blir lett ustyrlege. Det er ikkje heller til gagn for kongsmakta å setja ein adelsmann eller ein friboren, ja ikkje ein frigjeven dessmeir, til vakt yver våpna.

Burstanfor *svionane* er eit anna hav, tjukt og mest urørleg; det kann ein skyna gjerder inn og grensar av jordkrinsen, for di den siste glansen av sola når ho glar varer heilt til ho sprett att, og det so klår so han døyver stjernene. Ovtrua legg til at ein dessutan høyrer klang av sola når ho renn, og ser hesteskapnader og strålane um hovudet. Men det er sannsegn at berre so langt går natura.

På høgre stranda skvalar då det sveviske havet inn mot folkeættene til *østiane*. Dei har skikkar og bunad som svevane; men målet er nærare det britanniske. Dei dyrkar gudemora. Til merke på ovtrua ber dei villgalt-bilete; liksom eit våpen og

T j u k t h a v: det var ålgjengd tru i gamletida at det ytste havet var tjukt, mest som brosten mjølk, og Tacitus fortel i boka si um Agricola at nordanfor Britannia vart det tungt å ro. — S o l g l a n s u m n a t t a: kunnskapen um dette hadde dei frå Pytheas frå Massilia som hadde kome til «Thule» um-lag 300 f. Kr., og det vart stadfest då Agricola siglte nordanum Britannia. — O v t r u a: dette er gresk og romersk ovtru, ikkje germansk. — N a t u r a, sfr. eit ord av Seneca: bak alt er storhavet, bak storhavet inkjevetta. — A E s t i a n e synest måtta vera same fokenamnet som estane. — G u d e m o r a, mykje dyrka millom vestasiatiske folk; merket hennar var ei løve.

vern imot alt gjer det gudinne-dyrkaren trygg jamvel millom fiendar. Sjeldan brukar dei sverd, jamleg klubbor. Med korn og andre markfrukter strevar dei idigare enn vanleg millom dei late germanane. Men dei ransakar havet òg, og dei er dei einaste av alle som millom grunnane og på stranda sankar rav, det som dei sjølve kallar *glesum*. Kva dette er for eit to, eller kva det er for kraft som skaper det, har desse barbarane korkje røkt etter eller funne ut; lenge låg det jamvel millom alt anna som havet slengjer upp, heilt til vår prakthug gav det verd. Sjølve nyttar dei det ikkje; rått blir det sinka, ureidt blir det ført fram, og med undring tek dei imot betalinga. Ein kann likevel skyna at det er ei tre-saft; for titt kann ein skimta inni ymse krypande og jamvel flygande dyr som har kome fast i safta og vorte sitjande der når toet hardna. Difor trur eg at liksom langt av leid i øysterland der røykjels og balsam sveitar ut, soleis finst det på øyar og land vestpå grøderike skogar og lundar, der sola kjem so nær so strålane hennar

Rav blir mest funne på dei søraustlege strandene i Øystersjøen og so på veststranda av Jylland; det kjem upp frå sjøbotnen og blir drive på land. Alt i steinalderen vart det nytta til trolldomsvern og prydstykke i alle norderlanda. I bronsealderen kjøpte dei gull og bronse sunnanfrå for rav, og frå 14de hd.-året f. Kr. finn ein mykje rav i hellénske graver. Hjå romarane vart det rekna høgt i verd i keisartida; for dei òg nytta det til trolldomsvern, — det hadde slike løyndomsfulle evnor («elektrisitet»). Kong Teoderik den Store fekk ei stor ravgåve frå æstiane, og i takkebrevet minte han um forteljinga hjå Tacitus. Tacitus byggjer elles her på Plinius. — *Glesum* er laga av ei indogermansk rot «gle», å skina; ordet finst i meininga rav i både gamaltysk og gamalengelsk.

driv ut safter som renn ut i havet attmed og flyt for dei harde stormane yver til strandene på andre sida. Um ein prøver eigenskapane i ravet med å setja det innåt varmen, fatnar det liksom tyri og gjev ein feit, osande loge; so blaknar det liksom til bik eller kvae.

Til svionane grensar folkeættene til *sitonane*. Dei likjest på dei i alt anna, men skil seg ut i det eine at ei kvinne styrer, — so djupt har dei sige ned ikkje berre frå fridom, men jamvel frå trældom.

### Folk lenger burte.

Her endar Svevia. Eg veit ikkje um eg skal 46 rekna *peukinar*, *venetar* og *fennar* til germanane eller til sarmatane; endå peukinane — dei sume kallar *bastarnar* — ter seg som germanar i mål og levevis, busetning og husstell. Ureinskap rår hjå alle, og latskap hjå storfolket. Med giftarmålsblanding er dei skjemde so dei nokolunde ser ut som sarmatar.

Venetane har teke mykje etter sarmatiske seder; for alt det som reiser seg av skog og fjell hjå peukinar

**Kvinnestyre:** endå i midalderen hører vi segner um slike land inni Øystersjøen. — *Peukinar* eller *bastarnar* blir hjå Plinius rekna til germanane. Skulde dette vera rett, so vilde dei bli dei fyrste germanane som grekar og romrarar fekk kjennskap til; for den makedonske kongen Persevs var i samband med dei alt i året 180 f. Kr. Den gongen vart dei elles rekna for gallar. Endå i den fyrste keisartida finn vi dei lengst aust med Donau, og dei har halde til på slettelandet austanfor Karpatane. Den dag i dag er det mykje strid millom granskărane um kva folkeætt dei høyrde til; men dei beste grunnane synest tala for at dei i minsto ikkje var germanar. — *Sarmatar*: dette namnet nytta grekane og romarane um iranske folk som budde nordanfor Svartehavet.

og fennar, fer dei igjenom på røvarferder. Dei må likevel helst bli tekne millom germanane, sidan dei både byggjer faste hus og ber skjold og likar å nytta føtene rapt. Alt dette er annleis hjå sarmatane som lever på kjerra og på hesteryggen.

Hjå fennane er det ein merkeleg villskap og fæl fatigdom. Dei eig korkje våpen eller hestar eller heimar; maten deira er urter, klædnaden er skinnfeldar, lega er jorda. Dei har ikkje anna å lita seg til enn piler, og på dei set dei bein-oddar, sidan dei ikkje har jarn. Karar og kvinnfolk livbergar seg likt med same veidinga; for allstad fylgjest dei og tek kvar sitt av fengda. For barna har dei ikkje anna live imot villdyr og uver, enn eit slag bindingsverk av kvister; dit kjem dei vaksne tilbake, og der er gjymestad for gamlingane. Men dei held dette for eit lukkelegare liv enn å pæsa yver jordarbeid, streva med hus og handla i von og otte med eige og framandt gods. Trygge for menneske og trygge for gudane har dei vunne det som er vandast av alt, — at dei ikkje treng so mykje som eit ynske.

Andre forteljingar er reint eventyr, — slikt som at *hellusiar* og *etionar* har åsyn og andlet som menneske, men kropp og lemer som dyr. Det er uprova, og eg læt det liggja.

V e n e t a r eller venedar, kringum Weichsel, visseleg same namnet som «vendar», soleis slavar. — F e n n a r eller finnar, elles ikkje nemnde på nokre hundrad år.

---